

# Lat oss ta kampen mot fattigdom!

24 ■ DEBATT

ONSDAG 3. FEBRUAR 2021 BERGENSAVISEN

## Lat oss ta kampen mot

**Store forskjellar mellom folk er gift for samfunnet. Å gå fattigdommen til livs handlar ikkje «berre» om dei fattige.**



**PÅ ONSDAG**

**ODDNY MILJETEIG**  
Landsstyremedlem i SV og fast spaltist i BA.

**D**et finst ikkje fattige born. Men det finst born som lever i fattigdom. Dei har fattige forsørgjarar. Forsørgjarar som ikkje har greidd å lyfta seg og borna sine ut or fattigdom. Det er ikkje avdi dei er late, unnasluntrarar eller slabbedaskar, desse fattige foreldra. Dei er rett og slett - fattige. Å vera fattig, det er å ha for lite pengar, plar Mikkel Grüner, leiaren i SVs bystyregruppe, å seia. Det er enkelt - og sant.

■ I ein felles kronikk på NRK sine nettsider tek forskarane Ingar Brattbakk, Guro Ødegård og Kristin Aarland frå Oslo bladet frå munnen. Deira ærend er borna som veks opp i byane. Det vert stadig fleire av dei - og dei har få talspersonar, skriv dei tre forskarane. Dei utsette områda i norske byar har lenge vorte hengjande etter velstandsutviklinga. Medan velstanden aukar andre stader, heng dei ikkje med. Koronaen, den traven, har forsterka forskjellane.

■ Likevel, skriv forskarane, er talspersonane få og demonstrasjonane fráverande. Det er heilt sant, sjølv om Karin Andersen på Stortinget utgjer minst ei heil aksjonsgruppe åleine. I Bergen er vi også i ei særstilling. Vi har hatt Aksjonsgruppa mot sosial nød i ei årrekke. Dei aldri kvilande fattigdomsnedkjempingane Bente Simonsen og Wenche Berg Husebø har halde bystyret på alerten og gjort det umogleg for dei politiske partia å sovna. Sosialhjelpssatsane i Bergen har ergo aldri vore hogne i stein på lågaste nivå, sjølv om byråda frå Høgre gjorde sitt verste for å oppnå nett det.

■ Robin Hood-huset har også kjempa ein utrøyteleg kamp mot fattigdom og for dei fattige i Bergen. Kirkens bymisjon må også nemnast. Og BUS - Bergen uavhengige sosialrådgjeving. Så må eg få vera så frimodig at eg nemner SVs bystyregruppe. Ved dei siste budsjetta har Mik-

kel Grüner og dei greidd å pressa fram ekstra millionar for å heva sosialhjelpsmottakarane i lei av Statens institutt for forbruksforskning sine satsar for å kunna leva eit nøktert liv, men ikkje eit liv i fattigdom. Eg veit at det kostar kamp for kvar krone. For kvar einaste krone. Eg har vore med og kjempa for å auka sosialhjelpa i fleire tiår, både frå Fellesorganisasjonen FO og frå bystyregruppa til SV her i byen.

■ Attende til dei tre forskarane. Dei peikar på at dei stadig fleire borna som veks opp i fattigdom, dei borna bur meir geografisk konsentrert no. Det hastar med å få på plass ein permanent kripespakke for å få redusert dette ulikskapens gap.

■ By- og levekårsutvalet, som nyleg overleverte sin rapport til regjeringa, gjev tydelege råd om å ta på alvor det aukande gapet i levekår mellom fattige byområde og resten av landet. Dei langvarige konsekvensane av slike forsømde og gløymde byområde kan verta det som vert kalla «the revenge and places that don't matter.» Hemnen frå stadene som ikkje tel med.

■ Når staden der du bur og menneska som bur der korkje opplever å bli høyrd eller prioriterte av styresmaktene, kan det utvikla seg ein motstand som kjem til uttrykk som avmakt, tilbaketrekking og mistillit. Spør du meg, er det på tide at Arbeidarpartiet byrja å leva etter slagordet sitt om at «Alle skal med.» Og det er på tide at LO pressar dei til det.

■ Landsorganisasjonen er den einaste organisasjonen som har makt nok å stilla bak kravet om



**VI KAN IKKJE TOLA:** - Dei stadig fleire borna som veks opp i fattigdom, dei borna bur meir geografisk konsentrert teig.

å redusere sociale skilnader, jamma ut levekår og rasera fattigdommen. Eit LO som vil fattigdommen til livs kan utretta nesten underverk. Det meiner eg altså bestemt. Det strengst, og det hastar, no som aldri før. Ei framtidig raud-grøn regjering kan gjera mykje med dei aukande skilnadene og fattigdom i Noreg - med LO i ryggen.

■ Fattige og rike majoritetar og minoritetar bur meir åtskilde enn før, skriv forskarane. Dette skiljet, økonomisk og sosial segregasjon, har auka på dei siste

åra. Samanlikna med mange europeiske land er likevel kløftene mellom byområde i Noreg moderat. Faktisk går talet på område ned der ein høg andel av innbyggjarane står utanfor arbeid og utdanning.

■ Det finst likevel eit titals byområde i fem-seks byar med store og samansette utfordringar (så heiter det når ein ikkje vil seia problem), og i desse områda går utviklinga i feil lei.

■ Dei fleste av desse områda er i Oslo, men det er likevel byde-

lar med ein høg andel born som veks opp i fattigdom både i Kristiansand, Bergen, Trondheim og Fredrikstad. I den mest utsette bydelen i Fredrikstad lever 46 prosent av borna i fattige familjar.

■ Dette må vi våga å snakka om, seier forskarane, samstundes som vi vaktar oss for ein retorikk i det offentlege ordsiftet som ytterlegare stigmatiserer nabolag som frå før strir med ømdømet. For desse områda har både rike menneskelege ressursar og trivsel. Men dei har også ei rekk-

### STATSMINISTEREN



### PIDDEN

Brøtebilsjåfør skrøt av å ha sperret inne bil.  
- Snøsokk!



# ... fattigdom!



no. Det hastar med å få på plass ein permanent krisepakke for å få redusert dette ulikskapens gap, skriv Oddny Milje-ILLUSTRASJONSFOTO: GORM KALLESTAD/NTB

je problem som vi som samfunn må sjå i augo: Fattigdom, å bu trøgt og andre problem knytte til helse, låg utdanning, manglande tilknytning til arbeidslivet og låg integrering forsterkar kvarandre gjensidig. Resultatet blir ein «samfunnsfloke» med ulike samansvovne problem. I sum reduserer dei livskvaliteten.

■ Medan andelen born i låg-inntektsfamiljar fell i dei mest velstående bydelane, er talet på byområde der meir enn 40 prosent av borna bur i fattige familjar, tredobla det siste tiåret. Ein

konsekvens er at born og foreldre frå familjar med høvesvis høg og låg utdanning og med ulik tjukkelse på lommeboka, mindre enn før møtest på skular, i barnehagar og på fritidsaktivitetar. Mange studiar viser at tillit, samhald, solidaritet og oppslutnad om samfunnsmodellen vert negativt påverka av at ulike grupper bur og lever i åtskilde liv.

■ Auka segregering påverkar livssjansane dine. Rett og slett. Det kan vi ikkje tola. I etterkrigsåra lyfte Noreg generasjonar ut

or fattigdom. Statens Lånkasse for utdanning kan ikkje nemnast ofte nok i så måte som eit stjerneeksempel for utjamning av forskjellar.

■ Kunne vi då, kan vi no. Politikk handlar om å vilja, som Olof Palme sa det. Store forskjellar mellom folk er gift for samfunnet. Å gå fattigdommen til livs handlar ikkje «berre» om dei fattige. Det handlar om kva samfunn det store vi vil ha.



**STATSMINISTER:** - Erna Solberg (H) ligger an til å bli den første statsministeren i Norge som faktisk når et klimamål. FOTO: BERIT ROALD, NTB

## Vi må kutte utslippene, ikke utviklingen

### INNLEGG

**Oda Røhme Sivertsen**  
Fylkesleder,  
Hordaland Unge Høyre

” Vi skal ikke bare stanse klimaendringene, vi må ha noe å leve av etterpå.

■ For å berge klimaet holder det ikke med snakk og ambisjoner. Politikerne må også levere resultater.

■ En samlet venstreside strør om seg med påstander om at klimapolitikken til regjeringen har feilet. Partiene i opposisjon er enige om at de er mot regjeringen og at ambisjonsnivået er for lavt. Men det er ikke ambisjoner som redder oss fra klimaendringene. Det er faktiske løsninger og gjennomføring av politikk som stanser klimaendringer.

■ Tallene taler for seg selv. Utslippene i Norge går nedover, og Erna Solberg ligger an til å bli den første statsministeren i Norge som faktisk når et klimamål. Nedgangen i klimagassutslipp er tilnærmet dobbelt så stor nå som under den forrige regjeringen.

■ Klimapolitikken på borgerlig side har med andre ord fungert. Vi har stilt klimakrav, satset på ny teknologi og gjort det mer lønnsomt å velge miljøvennlig. Vi stopper likevel ikke der.

■ Nylig lanserte regjeringen klimaplanen for 2021-2030. Planen er et historisk taktskifte i norsk klimapolitikk. Den sier ikke bare noe om hvilke

mål vi skal nå, men også hvordan vi skal nå målene.

■ Der venstresiden først og fremst virker opptatt av er forbud, påbud og økte skatter, legger høyresiden opp til at vi skal kutte i utslippene, uten å kutte i utviklingen. Vi sikrer en bærekraftig klimapolitikk samtidig som vi beholder utviklingen i samfunnet.

■ Men vi starter ikke med blanke ark. Regjeringen har allerede økt prisene på klimakvoter sånn at det blir dyrere for bedrifter å slippe ut klimagasser. Bilavgifter er økt for at det skal bli mer attraktivt å velge nullutslippskjøretøy. Gjennom Klimasats støtter regjeringen klimaprojekter på lokalt plan, både i kommuner og fylker. Lista er lang, og viser at Høyres klimapolitikk har tiltakene som faktisk fungerer.

■ Venstresiden snakker mye om klimapolitikk, men de har aldri levert. Politikken deres innebærer store økninger i skatter, innskrenking i livskvaliteten og manglende utvikling. De glemmer at vi ikke bare skal stanse klimaendringene - vi skal også ha noe å leve av etterpå.

### DAGENS SITAT

” Man vil jo vinne barnas gunst. Men å være en oppdragende forelder og prege i riktig retning, si nei til det ene og ja til det andre, og samtidig få dem til å like deg litt - det synes jeg er vanskelig.

SKUESPILLER ANE DAHL TORP TIL TV 2.



### BLI MED I DEBATTEN

- Send innlegg til [debatt@ba.no](mailto:debatt@ba.no). Håndskrevne innlegg sendes til BA-debatt, postboks 824 Sentrum, 5807 Bergen.
- Lengde: 2000 tegn for innlegg, 4500 tegn for hovedinnlegg.
- Innlegg underskrevet med fullt navn blir prioritert. Det kreves også fullt navn for å få publisert kritikk mot navngitte personer. Navn og adresse må følge alle innlegg, også når navnet ikke skal i avisen.
- Innlegg kan bli brukt på [ba.no](http://ba.no).
- Innlegg blir redigert etter god presseskikk, og kan bli kuttet hvis de er for lange.



Silje Haugen, debattansvarlig